

2. mai 2022

Publisering på plattformen «UiS Scholarly Publishing Services»

I samarbeid med IT driftar universitetsbiblioteket plattformen «UiS Scholarly Publishing Services» for open publisering og arkivering av rapportar, doktoravhandlingar, fagbøker og andre publikasjonar med tilknytning til UiS. Universitetsbiblioteket tilbyr brukarstøtte, hjelper med publisering og sørger for DOI for alle publikasjonar på plattformen.

Følgjande vilkår og retningslinjer gjeld for publisering på «UiS Scholarly Publishing Services»:

1. Alle publikasjonar får sin eigen DOI. Det er ønskjeleg, men ikkje eit absolutt krav, at alle forfattarar har ORCID-id.
 2. Alle publikasjonar skal vere opent tilgjengelege:
 - diamant open access utan embargo.
 - tilgang utan sperrer i form av passord/brukarnamn eller IP-adresse.
 - det er ønskjeleg at forskingsdata vert gjort tilgjengelege saman med publikasjonen, der det er aktuelt.
 3. Publikasjonen skal ha tilknytning til UiS ved at redaktør, ein eller fleire av forfattarane og/eller administrativt personale er tilsette på UiS.
 4. Det er ikkje noko krav om fagfelle vurdering av publikasjonar på plattformen, men dei skal halde eit vitenskapleg nivå. Forfattarane må vere namngitte ved publisering, og ha ein fagleg bakgrunn. Publikasjonar der ingen av forfattarane har nokon bakgrunn innan publikasjonen sitt fagområde blir ikkje aksepterte.
- Utgjevar av publikasjonen skal følgje [COPE](#) (Committee on Publishing Ethics) sine retningslinjer. Publikasjonar som ikkje tilfredsstillar krava frå COPE vil bli vurderte særskilt.
5. Publikasjonar skal publiserast med ein Creative Commons-lisens. Lisensen skal godkjennast av alle forfattarar, og må vere synleg i publikasjonen. Universitetsbiblioteket tilrår lisensen CC-BY, men forfattarane kan òg velje CC BY-SA eller CC BY-NC dersom dette er meir hensiktsmessig.
 6. Publikasjonen skal vere vitenskapleg grunna og godkjent av fagmiljøet/instituttleiinga.
 7. Universitetsbiblioteket ved bibliotekdirektør har overordna ansvar for å godkjenne publisering på plattformen.
 8. Forfattarane har ansvar for alt innhald. Dette gjeld også ved lenkjer til innhald utanfor plattformen. Ansvar er omfatta språkvask, redigeringsarbeid, eventuell fagfelle vurdering og anna som er nødvendig før publisering.
 9. Forfattar skal behalde opphavsretten til innhaldet. Etter publisering står forfattarane fritt til å leggje den publiserte versjonen ut på eiga nettside og i institusjonelt vitenarkiv eller liknande, så sant plattformen blir kreditert som utgjevar.
 10. Universitetsbiblioteket forpliktar seg til å arkivere publikasjonane på plattformen, også etter at sjølve plattformen evt. blir tatt ned.

2. mai 2022

11. Universitetsbiblioteket kan fjerna ein publikasjon frå plattformen dersom retningslinjene ikkje blir følgd, etter at det først har blitt gitt ei åtvaring.